



Monica Hansen syner fram nokre av produkta i nettbutikken.

Monica Hansen og Bjørn Moe (begge 54 år) kjøpte hus og flytta frå Bergen til Uskedalen. Med seg tok ho firma Mokka Design, eit grafisk designfirma med arbeid innan grafisk utforming for mange kundar i og rundt Bergen og lokalt i Hardanger. I tillegg driv ho nettbutikk med varer som du finn på nettsida karbid.no og på Facebook. Monica og Bjørn er oddingar, har budd i Bergen før dei fann draumehuset i Uskedalen og flytta hit i 2019.

Du har trulegg lagt merke til Uskedalskoppen med fjellnamn og det lokale handlenettet med gardsnamn som vert selde på SPAR. Det er Monica Hansen som er formgjevar. Verksemda hennar er tredelt:

- Firma Mokka Design
- Nettbutikken karbid.no

- Kunstnar med utstilligar av måleri

Grafisk design vil sei at Monica tek arbeidet med det grafiske uttrykket før trykking. Det kan vera design på emballasje, esker, brosjyrar, kunstkatalogar, årsrapportar, logo og firmaprofilering. Hoell Ullensvang, Måkestad Engro, Vestlandsbia og Hardanger Bestikk er nokre av kundane hennar. Mokka Design har også oppdraget med formgjeving av bøker, no sist ei barnebok. Webesign gjer ho ofte i samarbeid med andre firma i Bergen. Eit lokalt firma med trykking er Odda Trykkeri.

På nettsida karbid.no finn du produkt som ho sel i nettbutikk. Det kan vera handlenett, kunstkort, kunsttrykk, gratulasjonskort og plakatar. Ho pakkar og sender produkta i posten. Nettbutikken vert også profilert på Facebook og på Instagram.



Sauen som grafisk uttrykk er populært.

Dersom nokon i Uskedalen ynskjer kjøp frå nettbutikken og vil sjå produkta, er det fint om ein tek kontakt for avtale. På monica@mokkadesign.no, på Facebook eller på telefon: 414 13 413.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Privat